

## Fordeling av kommunalt tilskot til veterinærkraft – enkelt notat

Den planlagde styrkinga av veterinærkraft med kr 500 000,- per år må finansierast, og belastast deltakarkommunane. Fordelinga mellom kommunane bør i størst mogleg grad baserast på kvar kommunes belastning på vakta. Det er ikkje enkelt å på ein effektiv måte kartlegga korleis vakta brukast mellom kommunane. Etter konsultasjon med veterinær i vaktordninga kan ein grovt sett dele ressursbruken på storfe (60 %), sau (25 %) og hest (15 %). Dette leggast til grunn i forslag til fordeling.

Tilgjengeleg statistikk frå Statsforvaltaren visar denne fordelinga av dei aktuelle dyretypane mellom kommunane i ordninga:

Dyr	Karmøy	Haugesund	Sveio	Utsira	I alt
Storfe i alt 2021	3 339	530	1 302	75	5 246
Sau i alt 2021	14 604	1 338	7 570	376	23 888
Hest i alt 2021*	220	35	94	0	349
Sum	18 163	1 903	8 966	451	29 483

\*Som er søkt produksjonstilskot for. Det er nok ein god del hestar som ikkje er knytte til jordbruksføretak, men desse er vridne å finna statistikk for.

Prosentvis har me denne fordelinga:

Dyr	Karmøy	Haugesund	Sveio	Utsira	I alt
Storfe i alt 2021	63,6 %	10,1 %	24,8 %	1,4 %	100,0 %
Sau i alt 2021	61,1 %	5,6 %	31,7 %	1,6 %	100,0 %
Hest i alt 2021*	63,0 %	10,0 %	26,9 %	0,0 %	100,0 %
Sum	61,6 %	6,5 %	30,4 %	1,5 %	100,0 %

\*Som er søkt produksjonstilskot for. Det er nok ein god del hestar som ikkje er knytte til jordbruksføretak, men desse er vridne å finna statistikk for.

Om ein vektar i tråd med føresetnaden ovanfor, får en denne fordelinga mellom kommunane:

Dyr	Vekt	Karmøy	Haugesund	Sveio	Utsira	I alt
Storfe i alt 2021	60,0 %	38,2 %	6,1 %	14,9 %	0,9 %	60,0 %
Sau i alt 2021	25,0 %	15,3 %	1,4 %	7,9 %	0,4 %	25,0 %
Hest i alt 2021*	15,0 %	9,5 %	1,5 %	4,0 %	0,0 %	15,0 %
Sum	100,0 %	62,9 %	9,0 %	26,9 %	1,3 %	100,0 %

\*Som er søkt produksjonstilskot for. Det er nok ein god del hestar som ikkje er knytte til jordbruksføretak, men desse er vridne å finna statistikk for.

I kommunale samarbeid er det vanleg å fordela kostnadene med ein del fast og ein del variabel. Bakgrunnen er nok ein føresetnad om at det for dei fleste tenester er ein viss stordriftsfordel. Dette inneber at ein liten kommune har høgare kostnad per eining, enn ein større kommune. Ved fordeling av kostnadene vil ein kunne oppnå ein slik verknad ved å inkludera eit fast beløp i finansieringsmodellen. Samanhengen mellom storleik og kostnad per eining er nok meir kompleks enn at eit fastledd av ein eller annan storleik vil vera særleg egna til å simulera ein rettferdig fordeling. Detter blir særskild tydeleg om ein ser på samarbeid med stor ulikheit i storleik mellom dei samarbeidande kommunane. I denne saka foreslår ein skjønsmessig eit lite fastledd på 4 %. Då vil ein få denne fordelinga mellom kommunane i vaktordninga:

Fordeling	Fast	Forholdsmedig	Sum	Avrunda	Prosent
Karmøy	5 000	302 057	307 057	305 000	61,0 %
Haugesund	5 000	43 038	48 038	50 000	10,0 %
Sveio	5 000	128 898	133 898	135 000	27,0 %
Utsira	5 000	6 006	11 006	10 000	2,0 %
Sum	20 000	480 000	500 000	500 000	100,0 %

Ein foreslår at ein for vaktordninga nytta fordelinga over i 2022. For å finansiera ordninga over tid må ekstrabeløpet justerast årleg med den kommunale deflatoren. Det vil vera naturleg å nytta prosentsatsane over ved fordeling av aktuelt beløp komande år.